

Møteinnkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Jostedal Hotell, Jostedal

Dato: 17.09.2021

Tidspunkt: 09:00-10:45

Velkommen til det sjette møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2021!

Møtet finn stad på Jostedal Hotell i Jostedalen.

Vi minner alle om å ta omsyn og halde seg til FHI sine gjeldande koronaregler.

Eventuelt forfall må meldast snarast på til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71 eller Marthe på tlf. 91 71 95 51. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing

Tor Arne Hauge og Marthe Gjerde
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 32/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 33/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 34/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå SNO Jostedalsbreen 2. Status tiltak og planarbeid 3. Drøftingssak – unnateke offentlegheit 4. JOSTICE - feltarbeid 5. Synfaring Kattanakken 6. Høyring besøksstrategi - status 7. 30-års markering – endelig program 8. Rettleiar studentoppgåve Brenndalsbreen 9. Utviding av nasjonalparken 10. Mediasaker sidan sist 		
RS 13/21	Rapport - Skålasiene august 2021		2019/16700
RS 14/21	Oppstart produksjon av kart til nasjonalparkbrosjyrar for Jostedalsbreen nasjonalpark		2021/12380
RS 15/21	Sluttrapport utviding og utbetring av utsiktsplass i Kjenndalen		2021/7441
RS 16/21	Bru i Austadalen bak Hogrenning i Lodalen i Stryn kommune		2021/10600
RS 17/21	Sluttrapport restaurering av Keisar Wilhelms-sti del 1 - 2021		2021/7054
RS 18/21	Invitasjon til felles oppstartsmøte - arbeid med skjøtselplanar for Bødalen / Erdalen / Sunndalen - Jostedalsbreen nasjonalpark		2021/7859
RS 19/21	Helikopterflyging i samband med sikringsarbeid ved brekantsjøen ved Melkevollbreen - NVE		2019/20724
RS 20/21	Skåla Opp 14. august 2021 rapport		2019/16679
ST 35/21	Delegerte saker		
DS 5/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsel - frakt av grus til utbetring av drifteveg Erdalen		2021/12699
DS 6/21	Delegert vedtak – Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til helikopterflyging til frakt av bru til Flatbrehytta		2021/8759

DS 7/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til utplassering av time-lapse kamera for overvaking av Austerdalsbreen - Høgskulen på Vestlandet	2021/11967
DS 8/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopterlandning i samband med vitskaplege undersøkingar - NTNU	2021/11376
DS 9/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til utplassering av basestasjon for overvåking av sau beitesesongen 2021 - Sunndalen sankelag	2021/10559
DS 10/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til utbetring av stien til Oldeskaret og frakt av stein med helikopter	2021/11561

ST 32/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 33/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 34/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 13/21 Rapport - Skålastien august 2021

RS 14/21 Oppstart produksjon av kart til nasjonalparkbrosjyrar for Jostedalsbreen nasjonalpark

RS 15/21 Sluttrapport utviding og utbetring av utsiktsplass i Kjenndalen

RS 16/21 Bru i Austadalen bak Hogrenning i Lodalen i Stryn kommune

RS 17/21 Sluttrapport restaurering av Keisar Wilhelms-sti del 1 - 2021

RS 18/21 Invitasjon til felles oppstartsmøte - arbeid med skjøtselplanar for Bødalen / Erdalen / Sunndalen - Jostedalsbreen nasjonalpark

RS 19/21 Helikopterflyging i samband med sikringsarbeid ved brekantsjøen ved Melkevollbreen - NVE

RS 20/21 Skåla Opp 14. august 2021 rapport

ST 35/21 Delegerte saker



Arkivsaksnr: 2021/12699-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 07.09.2021

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsel - frakt av grus til utbetring av driftveg Erdalen

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt vedteke 14.03.2016 gjev nasjonalparkforvaltaren, med heimel i verneforskrifta for nasjonalparken kap. IV, punkt 1.3, 1. strekpunkt, løyve til restaurering og utbetring av driftvegen frå nasjonalparkgrensa og inn mot Storesetra i Erdalen, Stryn kommune. Arbeidet skal følgje rapporten frå Utmarksressurs 2016 Restaurering av driftveg mot Storesetra i Erdalen, Jostedalsbreen nasjonalpark.

Utbetringa inneber i fyrste rekke nye oppmura opne stikkrenner fleire stader, for å leie vekk vatn frå driftvegen. Det skal fyllast på ny grus fleire stader der det er nødvendig. Det skal i størst mogeleg grad nyttast stein funne på staden til muring av stikkrenner og grøfter.

Det vert og gjeve løyve til motorisert ferdsl med helikopter for frakt av grus og stein, og for utlegging av grus på stien. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det skal ikkje nyttast motorisert ferdsl meir enn absolutt naudsynt, og det skal takast omsyn til friluftsliv og dyreliv.
2. Motorferdsla skal i utgangspunktet ikkje gjennomførast på helgedagar, offentlege fridagar eller på heilagdagar av omsynet til friluftslivet.
3. Helikoptertransporten er avgrensa til maks 25 turar frå Loppeset og inn i driftvegen.
4. Løyvet gjeld i perioden 15.september – 31.oktober 2021.
5. Statens naturoppsyn SNO skal varslast per SMS eller telefon før flyging.
6. Dette løyvet skal vere med under flyginga.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen.
- Restaurering av drifteveg mot Storesætra i Erdalen – rapport (2016)
- Løyve til motorisert ferdslø og oppgradering av driftevegen til Storesætra – Erdalen beitelig (2017)

Bakgrunn:

Utmarksressurs utarbeidde i 2016 ein rapport om restaurering av driftevegen mot Storesætra i Erdalen. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i utvalssak 11/17 den 24.04.2017 Erdalen beitelig løyve til å restaurere driftevegen mot Storesætra i tråd med rapporten frå 2016.

Restaureringsarbeidet vart utført sommaren 2017, og den restaurerte driftevegen vart offisielt opna hausten 2017.

Erdalen er ein sidedal til Strynedalen i Oppstryn. Den restaurerte delen av driftevegen har startpunkt ved enden av traktorvegen i Erdalen ved Loppeset. Driftevegen fører mot Storesætra, som er endepunkt i dette prosjektet. Ruta er del av den gamle ferdslø- og driftevegen gjennom dalen, og vidare austover mot Skjåk.

Føremålet med tiltaket er primært å restaurere for å ivareta og synleggjøre den gamle vegen som eit kulturhistorisk minne. Det beitar mykje storfe og sau i området, noko som er viktig for landskapet, og særleg kulturmiljøet på setervollen. Å gjere ferda etter vegen inn mot setra trygg for storfe kan føre til at fleire bruk med beiterett i dalføret vil nyte seg av sommarbeite her inne.

Ein god og trygg sti vert og meir brukt av folk, og vil legge til rette for meir utøving av tradisjonelt friluftsliv, slik verneformålet også er formulert. Nasjonalparkstyret ser på ein auke i vandring langs tradisjonelle ferdelsruter som noko positivt både for folkehelse, og lokalt og regionalt reiseliv.

Restaureringa av driftevegen har vore vellukka. Den har gjort det mykje lettare å drive dyra inn og ut av Erdalen på ein trygg og god måte. Det har likevel vist seg at driftevegen på nokre punkt ikkje er godt nok sikra mot vatn. Alt etter eit par år hadde episodar med mykje nedbør eller smeltevatn medført at grus var vaska vekk frå fleire parti av driftevegen slik at pukk og grov stein kjem opp i dagen. Erdalen beitelig bad hausten 2019 om at det måtte setjast av ressursar til påføring av meir grus på utsette parti. Forvaltinga ynskte å gjennomføre synfaring på driftevegen for å vurdere om påføring av meir grus var tilrådeleg, men dette var vanskeleg å få til i 2020 grunna svært sein vår og koronarestriksjonar.

Nasjonalparkforvaltinga var i mai 2021 på synfaring på driftevegen saman med representantar frå grunneigarane v/Erdalen beitelig, SNO og Utmarksressurs AS. Synfaringa viste at det var nødvendig å fyrst få på plass fleire nye stikkrenner og avskjeringsgrøfter for å få betre kontroll på vatnet, før ein fyller på meir grus.



Når driftvegen vart restaurert var det av ressursmessige årsaker gjort prioriteringar som gjorde at nokre delar av driftvegen ikkje fekk tilrettelagt nok stikkrenner. Det vart og lagt på tynt med grus nokre stader. For deler av driftvegen vart difor planen frå 2016 ikkje gjennomført. Utbetringane som no er tenkt gjennomført vil heller ikkje medføre at heile driftvegen vert restaurert i tråd med planen frå 2016, men på punkt der driftvegen er mykje øydelagd av vatn vil utbetringa truleg redusere sjansen for at vatnet øydelegg vegen.

For å kunne frakte grus og evt. noko stein inn til dei punkta på stien som skal utbetrast er helikopterfrakt det beste alternativet. Andre fraktmetodar som jarnhest eller liknande vil kunne medføre skadar på driftvegen.

Det er mykje storfe på beite på stølane i Erdalen kvar sommar. Dyra er viktige for å kunne ta vare på det opne og særmerkte stølslandskapet i dalen. Å ha ein godt tilrettelagt driftveg er vesentleg for gardbrukarar som har storfe på beite i stølsområda i Erdalen, og dermed viktig for å oppretthalde det verdfulle kulturlandskapet.

Søknad om løyve til motorferdsle er sendt Stryn kommune, og må vere på plass før eventuell flyging kan gjennomførast.

Grunneigarane har i e-post gjeve løyve til flyging i samband med utbetring av driftvegen i perioden september og oktober 2021.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna graving og påfylling av masse, (...), boring, drenering og andre formar for tørrlegging, (...) bakkeplanering, (...) og liknande (verneforskrifta § IV, punkt 1.1). I punkt 1.2. står det at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggesikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast (...).

I verneforskrifta punkt 1.3 står:

Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til (1. strekpunkt) - byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området. Formuleringa m.m. inkluderer i denne konteksten den gamle driftvegen.

I Jostedalsbreen nasjonalpark er det ingen restriksjonar på ferdsel. Å gje høve til utøving av enkelt friluftsliv er ein del av verneføremålet for nasjonalparken. I forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det mellom anna at problem med slitasje kan bøtast på



anten ved "positive" (kanalisering og tilrettelegging) eller "negative" (restriksjonar og forbod) tiltak.

Dei gamle driftevegane i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml), jf. nml § 7, og føremålet med nml (§ 1): «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern (...).».

Med erfaringa som forvaltninga, i samarbeid med Utmarksressurs as, har frå ulike stiprosjekt dei siste åra, i og utanfor nasjonalparken, vil vi tru at det er naudsynt med maksimalt 25 helikopterlandingar i samband med arbeidet. Det er likevel vanskeleg å vite heilt sikkert, og det bør være høve for forvaltar å kunne utvide dette talet på kort varsel dersom det er naudsynt av omsyn til progresjonen i prosjektet.

Vurdering

Målet med restaureringa av driftevegen i Erdalen var å få kyrne fram og tilbake frå Storesætra på best mogeleg måte, for slik å styrke og oppretthalde verneføremålet om å verne om kulturminne og kulturlandskapet. Det er attgroing på setra (jf nml § 8 og 9), og mange i Erdalen som driv med kyr har ønskja denne oppgraderinga i lengre tid. Jf. nml §§ 9 og 12 er det viktig å utbetre nokre punkt på driftevegen, mens det framleis er stor interesse i dalen for å føre kyr fram til setra. Det er god kulturlandskapspleie å bidra til at beitetrykket blir oppretthalde. I 2015 løyvde nasjonalparkstyret midlar til kratttrydding på setrevollene i Erdalen også. Kunnskapsgrunnlaget er godt (jf nml § 8). Jf. naturbase er stølsvollen på Storesætra definert som naturbeitemark under kategorien viktig. Naturmangfaldlova sin § 11 vurderer forvaltar som lite relevant i denne saka. Kyrne er i dag tyngre og større, og har noko andre krav enn kyrne hadde på 1600-talet, og forvaltninga har god erfaring med grusing på enkelte stadar (nml § 10) for at kyr skal kunne ferdast lettare. Då det ikkje lenger er mogeleg eller tolbart på underlaget å komme fram med liten traktor for massetransporten, må helikopter nyttast (nml §§ 8, 9, 12).

Forvaltar vurderer utbetringa av driftevegen i Erdalen som er tenkt gjennomført i 2021 til å vere meir omfattande enn at dei kunne definerast som reint vedlikehald (ut i frå forskriftera sitt punkt 1.2, 2. strekpunkt).

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i sak 11/17 dispensasjon til å gjennomføre restaurering av driftevegen mot Storesætra i Erdalen i tråd med rapport utarbeidd av Utmarksressurs AS i 2016. Føresetnadane for arbeidet er tilnærma uendra. Denne saka vert difor vurdert å gjelde fornying av ein dispensasjon gjeve av styret. Saka kan difor handsamast delegert av sekretariatet, jamfør delegeringsreglementet punkt 2 a).

Fordelane med utbetringa av driftevegen vert vurdert til å vere større enn ulempene som motorferdsel i ein avgrensa periode medfører.



Arkivsaksnr: 2021/8759-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 02.09.2021

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak – Jostedalsbreen nasjonalpark – løyve til helikopterflyging for frakt av bru til Flatbrehytta

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt datert 14.03.2016 vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, å gje løyve til 1 helikopterflyging og, viss naudsynt, -landing ved Flatbrehytta, for frakt av bruer i samband med opprusting av stien. Løyvet gjeld for ein dag i perioden 3. september til 3. oktober 2021.

Løyva er gjeve med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, og gjeld på desse vilkåra:

1. Løyvet gjeld for ein dag i perioden 3. september til 3. oktober 2021. Ved dårlege værtihøve kan forvaltar utvide tidsrommet.
2. Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.
3. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Løyve til opprusting av stien til Flatbrehytta, utvalssak 25/21



Bakgrunn:


Deler av den utrasa stien opp til Flatbrehytta vart i løpet av sommaren 2021 bygd opp att med einestokkar av lokal entreprenør. Nasjonalparkstyret stod sjølv bak tiltaket og tildelte midlar til den nye «sprakestien» som stod ferdig i juni 2021.

I løpet av den påfølgjande sommarsesongen har det vorte tydeleg at det er trong for avgrensa påfylling av masse i form av grus for å stabilisere stien ytterlegare. Grusen lyt fraktast opp i storsekkar (bigbags) med helikopter. Denne delen av stien ligg utanfor verneområdet og motorferdsla treng dermed ikkje vriderast opp i mot verneforskrifta, men lyt avklarast med grunneigar og Sogndal kommune.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav løyve, i sak 25/21, til oppføring av to bruver langs stien over elva ved Flatbrehytta:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, 3. strekpunkt, til oppsetting av to bruver langs stien over elva ved Flatbrehytta i Sogndal kommune. Brua skal byggjast av naturleg materiale som malmfurū eller liknande, og takast ned før vinteren for lagring ved Flatbrehytta. Bruene skal vere omlag 3-5 m lange.

Bruene er for store til at dei kan bærast opp dei om lag 1000 høgdemeterane til Flatbrehytta. Det er dermed trong for motorferdsel i form av helikopterflyging for å få opp bruene, og sekretariatet peikar på økonomiske og praktiske fordelar ved å samkøyre dei to tiltaka på same tidspunkt då ein uansett må ha helikopterflyging.



Figur 1: Nordlegaste (øvste) røde merke syner landingsplass for helikopterfrakt av bru ved Flatbrehytta. Sørlegaste merke syner landingsplass for helikopterfrakt av bigbag med grus som ligg utanfor verneområdet.



Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne om eit stort, variert og verdfullt bremråde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsel, inkludert lågtflyging og landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta punkt IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, andre strekpunkt) for at det kan gjevast dispensasjon for motorferdsel i samband med transport av materialar til klopper m.m.

Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknader om dispensasjon for motorferdsle: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast».

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsle i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ligge til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Når det gjeld krav til kunnskap om naturmangfaldet i naturmangfaldlova sin §8, har forvaltninga god oversikt over dagens bruk av områda. Det er ikkje noko i Naturbase som tyder på at det biologiske mangfaldet vil kunne ta skade av helikopterfrakt av bru. Naturbase og Artskart syner ingen sårbare førekomstar i landingsområdet og vi er seint på sommaren, godt etter hekke- og yngletid for dyrelivet.

Det er lite anna motorisert ferdsle i området, og den samla belastinga av støy i området vert såleis vurdert som liten (§10).



Etter nasjonalparkforvaltaren sin oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å få opp to bruer til Flatbrehytta enn å fly dei opp med helikopter (nml § 12).

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaket isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2021/11967-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 01.09.2021

Utvat	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til utplassering av time-lapse kamera for overvaking av Austerdalsbreen - Høgskulen på Vestlandet

Delegert vedtak

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7. september 2015 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møte den 14. mars 2016 gjort vedtak om å delegera handsaming av einkilde saker av kurant karakter til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffen vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta.

I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i kapittel IV, punkt 1.3., fyrste strekpunkt, i verneforskrifta, å gje Høgskulen på Vestlandet v/ Thorben Dunse løyve til å plassere ut time-lapse kamera for overvaking av brefalla ned mot Austerdalsbreen i samband med JOSTICE-prosjektet. Time-lapse kameraet skal plasserast ved ein av to lokalitetar synt i kart. Løyvet gjeld frå 1. september 2021 til 1. september 2022.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet vert gjeve som ei prøveordning for eitt år, der eventuell forlenging lyt søkjast til nasjonalparkstyret
2. Løyvet gjeld for perioden 1. september 2021 til 1. september 2022
3. Alt utstyr skal fraktast inn utan bruk av motorferdsel i nasjonalparken
4. Montering og festing av time-lapse kameraet skal skje utan boring i fjell
5. Det skal ryddast opp på plassen der time-lapse kameraet har stått ved nedtaking



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad om utplassering av time-lapse kamera frå HVL, datert 23. 08.2021
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden


Den 23. august 2021 tok Høgskulen på Vestlandet (heretter berre kalla HVL) v/ Thorben Dunse kontakt med nasjonalparkforvaltar per telefon, for å informere om at dei ønskja å plassere ut eit time-lapse kamera ved Austerdalsbreen for å overvake brefalla Odin og Tor samt Austerdalsbreen. Det var ønskje om å få setje opp time-lapse kameraet i samband med anna JOSTICE-feltarbeid som skal gå føre seg 2. – 6. september ved og på Austerdalsbreen. Søkjar ber difor om rask sakshandsaming. Etter å ha fått presentert tiltaket munnleg bad nasjonalparkforvaltar HVL om å sende ein skriftleg søknad, sidan tiltaket vart vurdert til å kunne vere søknadspliktig etter verneforskrifta. Måndag 23. august 2021 mottok deretter sekretariatet søknad per e-post om utplassering av time-lapse kamera ved ein av to lokalitetar gitt i kartfigur som vert bestemt når søker er ute i felt.

Kameraet kan stå i eitt år frå løyvet er gjeve, og søker tek då ei vurdering mot neste sommar om dei ønskjer å fortsetje måleserien eller om dei har fått tilstrekkeleg med data.

Etter at søknaden var komne inn, tok nasjonalparkforvaltar kontakt med søker for å avklare mellom anna korleis kameraet er tenkt festa på bakken. Kamera og solcellepanel festast på eit frittståande stativ (sjå Figur 1 b), og vert forankra med lause steinar over stativet sine botnstenger slik at det ikkje bles bort eller tippar over i ein storm eller under last av rim eller snø. Det blir ikkje permanente spor etter installasjonen. Nøyaktig plassering er avhengig av synsvinkel på staden og vert endeleg bestemt ute i felt.

Føremålet med time-lapse kameraet er:

- Å ta daglege bilete av Austerdalsbreen og spesielt brefalla Tor og Odin
- Mogeleggjere utrekning av breen si hastigkeit og variasjon med årstider
- Auka kunnskap om danninga av «ogives» (formasjonar av mørke og lyse stripa på breen si overflate)
- Kartleggje endringar i breen sin geometri
- Setje bilete saman til ein «time-lapse video» som illustrerer breen sin dynamikk og som kan nyttast i formidling



Figur 1: Kart som viser feltlokalitetar ved Austerdalsbreen (a) med mogleg posisjonering av time-lapse kamera (raud stjerne) og retning (trekant); Illustrasjonsbilete av time-lapse kamera med solcellepanel for overvakning av ein bre på Grønland; Foto: Harbotronics (b).

Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta kap. IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde og anlegg (...).

Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det, kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (punkt 1.3, 1. ledd) byggje, ombyggje eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.

I denne saka, der det dreier seg om eit time-lapse kamera med solcellepanel, så fell tiltaket inn under «m.m.»-definisjonen, altså eit anlegg/innretting. Det står ikkje noko særskilt i forvalningsplanen om denne typen tekniske innrettingar.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffen vedtak i saker etter dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta, mellom anna punkt 1.3.



Vurdering

Utplassering av eit time-lapse kamera, med bruk av lause steinar for forankring og utan boring i fjell som skildra i søknaden, er eit lite tiltak som ikkje vil setje varige spor i terrenget og vurderast som eit prøveprosjekt. Dersom teknologien fungerer godt og det blir aktuelt å forlengje måleserien, må dette søkjast om i ein eigen søknad til nasjonalparkstyret.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har tidlegare, i utvalssak 42/16 gjeve løyve til utplassering av mast for snømåling i fjellsida over Sandnes i Oldedalen. Denne masta var og midlertidig, men var festa med boltar i fjell. Sidan installasjonen denne gongen skal festast ved hjelp av lause steinar utan at det skal borast i fjell, er inngrepet meir reversibelt enn det var i utvalssak 42/16, noko som talar for å gje løyve.

Det er ingenting som tyder på at tiltaket vil verke negativt på verneverdiane.

Det aktuelle området for plassering av time-lapse kameraet er anten kring Austerdalsnovi eller nord for Røysedalen som vist i kart. Det er ikkje registrert særskilt sårbart biomangfald i dette området (nml § 8).

Forvaltar vurderer at infrastruktur som kamerastativ m.m. helst skulle ha vore lokalisert utanfor vernegrensa (nml § 9), men i dette tilfellet er det vanskeleg å gjere det utan at verdien av forskinga vert sterkt redusert (nml § 12). Det er lite til tilnærma null friluftsliv i disse fjellsidene, det er sjølv Austerdalsbreen og området i framkant som vert nyttा.

Samla belasting i dette området er svært lita (nml § 10), kameraet vil takast ned att etter 1 år og såleis vere av forbigåande karakter. Nml § 11 er lite relevant å vurdere i denne saka.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at oppsetting av eit time-lapse kamera med det føremål å finne meir ut om breen sin dynamikk og auke kunnskapsgrunnlaget i samband med JOSTICE-prosjektet, er ein særleg grunn å gje dispensasjon frå forbodet mot å setje opp anlegg.

Sidan time-lapse kameraet er eit midlertidig tiltak som har svært lokal påverknad, ingen støy eller lysureining, vert det vurdert å ikkje vere i strid med verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark.



Arkivsaksnr: 2021/11376-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 11.08.2021

Utvil	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopterlandning i samband med vitskaplege undersøkingar - NTNU

Delegert vedtak

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7. september 2015 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møte den 14. mars 2016 gjort vedtak om å delegera handsaming av einkilde saker av kurant karakter til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffen vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta.

I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, å gje NTNU v/Irina Rogozhina løyve til inntil to (2) landingar ved kvar av fire (4) omsøkte lokalitetar merka av på kart, for å utføre feltarbeid i samband med vitskaplege undersøkingar. Løyvet gjeld frå 11. august til og med 11. september inneverande år, 2021.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1) Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet – NTNU – får løyve til inntil åtte landingar på Jostedalsbreen i samband med vitskaplege undersøkingar, på landingsstadar som er merka av på kart
- 2) Løyvet gjeld for ein dag i perioden 11. august til 11. september 2021
- 3) Dette løyvet skal vere med under flyging
- 4) Det skal ikkje flygast på laurdagar og sundagar
- 5) Statens naturoppsyn (tlf. 95963888) skal varslast per SMS eller telefon før flyging tek til
- 6) Søkjar er sjølv ansvarleg for løyve frå kommune og grunneigar



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå NTNU v/Irina Rogozhina datert 14.07.2021
- Telefonsamtale med Irina Rogozhina 09.08.2021
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU (heretter berre kalla NTNU), skal gjere undersøkingar på ti isbrear ulike stader i Noreg. Det skal samlast inn prøver frå breane til biologiske analysar og dessutan takast ein del bilete og samlast ulike typar data til glasiologiske analyser.


I samband med prøvetakinga søker NTNU om løyve til å lande på Jostedalsbreen med helikopter i samband med transport av forskrarar, prøveutstyr og prøver. Dei søker om landing ved fire punkt. Det blir to (2) landingar per punkt, ein gang for å setje av forskrarar og utstyr og ein gang for å hente dei, sidan helikopteret ikkje kan stoppast på isen men lyt fly til nærmaste grunn og vente der til dei skal hentast att. Totalt er det difor omsøkt åtte (8) landingar (på same dagen) i perioden 20. juli til 20. august 2021. NTNU opplyser i søknaden om at dei og har behov for å ta foto/film med drone.

Forvaltar mottok søknaden først 9. august etter ferieavvikling, og tok difor umiddelbart kontakt med søker per telefon for å få oversikt over kor mange dagar eventuell helikoptertid skal strekke seg over og om kor omfattande prøvetaking av is/biologisk materiale vert for kvar lokalitet. I tillegg vart det drøfta om moglegheita til å strekke flygeløyve utover omsøkt periode grunna forsinka sakshandsaming. Irina Rogozhina v/NTNU informerte om at NTNU vil rekke å innom alle fire lokalitetar på ein (1) dag, og at dei ynskjer å ta ut opp mot 50 liter is/snø ved kvart punkt for vidare analyser.

Landingsstadar i nasjonalparken er merka av som raude prikker på kart under, to punkt ligg i Stryn kommune, eitt i Sunnfjord kommune og eitt i Gloppen kommune.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, tredje strekpunkt) for at det kan gjevast dispensasjon for motorferdsle i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av



søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffen vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdslle i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

Sjølve tiltaka er særsmå, og vil i seg sjølv ikkje ha særleg påverknad på naturmiljøet. Naturbase og Artskart syner ingen sårbare førekommstar i landingsområdet og vi er seint på sommaren, godt etter hekke- og yngletid for dyrelivet. Kunnskapsgrunnlaget i saka er godt, jamfør nml § 8.

Naturmangfaldlova § 12 set krav om at mest skånsame metode skal nyttast. I dette tilfellet er bruk av helikopter og drone den einaste måten å få gjennomført undersøkingane på. Alternativet er å gå til fots, men det er særsmå tungvint. Nml § 12 er oppfylt.

§§ 9 og 11 i naturmangfaldlova er ikkje relevant i denne saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Forvaltar vurderer at samla belastning av motorferdsel i dei omsøkte områda er godt regulert og innanfor rimelege rammer, jamfør nml 10.

Etter gjeldande verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark er ikkje droneflyging søknadspliktig. Den planlagde aktiviteten vil difor kunne gjennomførast så lenge den ikkje er strid med luftfartstilsynet sine reglar for droneflyging eller anna regelverk. Forvaltar oppmodar om at søker uansett tek særleg omsyn til eventuelt vilt og turfolk i området, slik at dei ikkje vert uroa unødig av droneaktiviteten.

NTNU søker om løyve for ein periode på ein månad, frå 20. juli til 20. august. Sidan det tok litt tid å handsame saka no i ferieavvikling så forskyy vi perioden utover noko slik at løyvet gjeld for ein månad frå løyvet vert gjeve.

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.



Arkivsaksnr: 2021/10559-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 16.08.2021

Utvat	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til utplassering av basestasjon for overvåking av sau beitesesongen 2021 - Sunndalen sankelag

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt datert 14.03.2016, vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i kapittel IV, punkt 1.3., fyrste strekpunkt i verneforskrifta, å gje Sunndalen sankelag v/Ingolf Folven løyve til å plassere ut mast med basestasjon av type Gjetargut for overvakning av sau. Basestasjonen skal plasserast om lag 500 meter aust for stien til Sognskaret.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet vert gjeve som ei prøveordning for beitesesongen 2021.
- Løyvet gjeld for perioden 6. juli 2021 til 1. desember 2021.
- Alt utstyr skal fraktast inn utan bruk av motorferdsel i nasjonalparken.
- Montering og festing av basestasjonen skal skje utan boring i fjell eller øydelegging av større tre.
- Etter beitesesongen skal basestasjonen takast ned og fraktast ut av nasjonalparken.
- Det skal ryddast opp på plassen der basestasjonen har stått.

Saksopplysninger

Dokument i saka


- Søknad frå Sunndalen sankelag v/Ingolf Folven, datert 05.07.2021
- Førebels svar – utplassering av basestasjon gjetargut i Sunndalen, datert 06.07.2021
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova



Søknaden

Sunndalen sankelag v/leiar Ingolf Folven tok 5.juni 2021 kontakt med nasjonalparkforvaltar pr telefon, for å informere om at dei ynskte å prøve ut eit nytt overvakkingssystem for sau i Sunndalen beitesesongen 2021, og for å spørje om det var behov for løyve til eit slikt tiltak. Etter å ha fått presentert tiltaket munnleg bad nasjonalparkforvaltar Folven om å sende ein skriftleg søknad, sidan tiltaket vart vurdert til å kunne vere søknadspliktig etter verneforskrifta.

Måndag 5. juli tok nasjonalparkforvaltninga imot søknad om utplassering av basestasjon gjetargut i Sunndalen. Findmy-systemet, som til no har vore nytta for overvaking av sau, har vist store begrensningar grunna for dårlig GPS-dekning i området til sikker sporing. Sankelaget ynskte difor å prøve ut gjetargut systemet, som er basert på mobilnett via ein basestasjon. Basestasjonen er ei antennemast på 2,5 - 3 meter høgde, med påmontert basestasjon, solcellepanel og eiga batterikasse på bakken. Basestasjonen må plasserast i eit område med mobildekning. Dekningskart har vist eit område med mobildekning på austsida av Sognskaret, om lag 800 moh, kor basestasjonen er tenkt plassert.



Figur 1: Kart som viser omsøkt område for plassering av basestasjon Gjetargut.



Basestasjonen vert ståande i beitesesongen 2021, men vert teken ned når sinkinga er ferdig i oktober/november. Søkjar planlegg å forankre basestasjonen i tre og steinar, ved hjelp av slynger og jekkestroppar, for å unngå permanente spor etter installasjonen. Nøyaktig plassering er avhengig av signaltilhøva på staden. Plasseringa vert i eit område utan mykje trafikk, og vert truleg vanskeleg å få auke på. Det vert satsa på intensivert tilsyn i området. Med det nye systemet vil 70% av vaksne søker ha sporing. Søkjar ber om rask sakshandsaming, då basestasjonen vert levert allereie 7.juli.

Etter at søknaden var kom inn, tok nasjonalparkforvaltar kontakt med søker pr. telefon, for å avklare mellom anna korleis basestasjonen var meint frakta på plass. Det vart då klart at planen var å bære modulane til basestasjonen på plass. Det var ikkje planlagt bruk av motoriserte framkomstmiddel, som til dømes helikopter.

Regelverket

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta kap. IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde og anlegg (...). Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det, kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (punkt 1.3, 1. ledd) bygge, ombygge og endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.

I denne saka, der det dreier seg om ei mast med basestasjon, så fell tiltaket inn under «m.m.»-definisjonen, altså eit anlegg/innretting. Det står ikkje noko særskilt i forvaltningsplanen om denne typen tekniske innrettingar.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker etter dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta, mellom anna punkt 1.3.

Handsaming av søknaden 6. juli 2021

På grunn av den korte fristen før planlagt utplassering og at det var ferietid vart det 6.juli gjort ei rask vurdering av søknaden om utplassering av basestasjon for utprøving av overvakningsstystemet Gjetargut beitesesongen 2021, opp i mot reglane i verneforskrifta. Nasjonalparkforvaltar konkluderte med at søknaden var søknadspliktig, men at tiltaket var lite og burde kunne handsamast delegert. Forvaltar var same dag i kontakt med styreleiar pr. sms for å avklare om søknaden kunne handsamast delegert. Styreleiar stadfestat dette var greitt.

06.07.21 vart følgjande svar sendt til Sunndalen sankelag på epost:

Viser til motteken epost og telefonsamtalar.

*Det er greit at de plasserer ut basestasjon som omsøkt, så lenge det ikkje medfører irreversible inngrep, som til dømes boring i fjell, eller motorferdsel av noko slag.
Formelt løyve vil verte utforma og ettersendt i løpet av neste veke.*



På grunn av andre meir presserande oppgåver vart ikkje saka handsama som planlagt, men er no klar for handsaming.

Vurdering

Utplassering av ein basestasjon, som skildra i søknaden ved bruk av slynger og jekketaljer utan boring i fjell, er eit lite tiltak som ikkje vil setje varige spor i terrenget. Prosjektet må sjåast på som eit prøveprosjekt for utprøving av ny teknologi for overvaking av beitedyr i Sunndalen. Dersom teknologien fungerer godt og det blir aktuelt å nytte Gjetargut seinare år, må dette søkjast om i ein eigen søknad.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har tidlegare, i utvalssak 42/16 gjeve løyve til utpllassering av mast for snømåling i fjellsida over Sandnes i Oldedalen. Denne masta var og midlertidig, men var festa med boltar i fjell. Sidan masta denne gongen skal festast til tre og steinar utan at det skal borast i fjell, er inngrepet meir reversibelt enn det var i utvalssak 42/16, noko som talar for å gje løyve.

Det er ingenting som tyder på at tiltaket det vil verke negativt på verneverdiane.

Basestasjonen er tenkt plassert i grensa til villreinområdet Reinheimen – Breheimen. I Naturbase er området ved Sognskaret registrert som barmarksbeite for villrein. Basestasjonen blir liggjande heilt i ytterkanten av villreinområdet og vil truleg få liten innverknad på villreinen sin bruk av området. Det er ikkje registrert anna særskilt sårbart biomangfald i dette området (nml § 8).

Sidan tiltaket er så lite og ligg heilt i ytterkanten av villreinområdet vil det ha minimal betydning for den samla belastninga på området, nml § 10 er difor oppfylt.

Naturmangfaldlova § 12 set krav om at mest skånsame metode skal nyttast. I dette tilfellet skjer transporten til fots og det vert ikkje bora i fjell for å feste masta, forvaltar vurderer difor at nml § 12 er oppfylt. Nml §§ 9 og 11 er ikkje relevante i denne saka.

Beitebruk er med på å halde oppe beiteprega naturtypar som mange stader er sterkt truga. Tiltak som er med og legg til rette for at beitebruk kan halde fram er viktig for ivaretaking av verneverdiar i dei tradisjonelle beiteområda i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Tiltaket med utpllassering av ei mast med basestasjon Gjetargut er eit lite tiltak som ikkje vil ha negativ påverknad på naturmiljøet. At det kan gjere det lettare for beitebruk i området vert av forvaltar rekna som ein særleg grunn for å kunne tillate utpllassering av basestasjonen.



Arkivsaksnr: 2021/11561-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 12.08.2021

Utvat	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til utbetring av stien til Oldeskaret og frakt av stein med helikopter

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt vedteke 14.03.2016 gjev nasjonalparkforvaltaren løyve til:

1. å restaurere og utbetre Oldeskartien på tre punkt mellom Melkevoll og Oldeskaret i Stryn kommune, som skildra i sakutgreiinga
2. inntil 14 flygingar med helikopter for frakt av stein til utbetringar av Oldeskartien

Løyva er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd, og gjeld på desse vilkåra.

1. Løyvet gjeld for ein dag i perioden 16. august til 16. september 2021. Ved därlege vêrtihøve kan forvaltar utvide tidsrommet.
2. Dette løyvet skal vere med under flyginga
3. Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.
4. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet
5. Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter flyginga, og om eventuelle andre observasjonar
6. Statens naturoppsyn SNO skal varslast per SMS eller telefon før flyging
7. Søkjar er sjølv ansvarlege for naudsynte løyve frå grunneigarar, kommunar og luftfartsmyndigheter.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen
- Naturmangfoldlova
- Rapport frå restaurering av stien til Oldeskaret (2015)
- NINA rapport 1593 – Sårbarheitsvurdering for ferdsel (2018)

Saksutgreing

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjorde i sak 16/2014 *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - oppgradering av ferdelsvegane til Oldeskaret og Lundeskaret* følgjande vedtak:

Med heimel i naturmangfoldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å restaurere og oppgradere stien mellom Melkevoll og Oldeskaret i Stryn kommune, og mellom Lunde og Lundeskaret i Jølster kommune.

Løyvet omfattar:

- *Flytting av stein og steinlegging på utvalte stader langs stien - Rydding av kratt og enkelte små tre utvalte stader for å kunne lettare arbeide på og syne fram stien.*
- *Helikopterløft til stien til Lundeskaret med wire og anna tungt utstyr, og ev flytte på noko av steinen langs stien.*
- *Boring av boltar for festing av wire og trinn på få, og strengt naudsynte stader, av tryggleiksomsyn og av omsyn til vassveiene i disse områda.*

Den gamle ferdelsåra til Oldeskaret i Stryn kommune er ei av dei prioriterte gamle ferdelsårene i Jostedalsbreen nasjonalpark som nasjonalparkstyret har restaurert. Målet har vore å ta vare på gamle ferdslivegar i landskapet som vitnar om korleis ferdsla gjekk føre seg i gamle dagar, samt å kunne tilby trygge ruter mellom historiske punkt i nasjonalparken. Oldeskartien er stadvis særstakt bratt, og har frå gamal tid både kjetting, metalltrinn og anna tilsvarende tilrettelegging for å kunne få folk opp i høgda på trygt vis. Ved restaureringa, som vart gjennomført i 2014-2015, vart det m.a. laga steintrinn og steintrapper fleire stader. Nokre få plassar vart det og laga til wire til å halde seg i.

Etter nokre års bruk av den restaurerte stien er det trond for utbetringar på tre punkt på stien:

1. Eit punkt under Stighilljaren er særleg utsett for erosjon og stiutviding. Her trengst reparasjon og utbetringar.
2. I eit område frå Gløvre og 250 meter vidare oppover skal nokre høge opptrinn og noko vasserosjon utbetrast, eventuelt skal stien leggjast om.
3. Rett over Stighilljaren har isen/stein falle ned og øydelagd deler av trappa som var mura opp i 2014. Dette punktet skal utbetrast med stein frå staden.



SNO var på synfaring med entreprenør 12.08.2021 for å vurdere tiltaka, m.a. kor mykje Stein som må tilførast for å kunne gjøre nødvendige tiltak. På dei to første punkta er det lite eigna Stein tilgjengeleg, det er difor trøng for å flyge inn om lag 10 storsekkar med Stein.

Alt arbeidet på stien skal gjerast med handmakt, utan bruk av maskiner anna enn motorsag for å ta ned nokre tre.


Punkt 1 er i NINA sin sårbarheitsvurdering (2018) nemnt som sårbart for erosjon (sjå figur 1).



Figur 1 Viser punkt 1. Her skal stifaret til venstre utbetraast med Stein for å samle trafikken



Figur 2 Viser punkt 3, trappa rett over Stighilljaren, før og etter restaurering (2014). I dag er den skada av Stein og is og treng vedlikehald.



Detaljkart over stien fra Melkevoll bretun til Oldeskaret.

Utmarksressurs AS

Lovgrunnlag

Verneforskrifta

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør kap. IV punkt 1.1 , er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. graving, boring og å bryte laus stein. Det er likevel lov å vedlikehalde eksisterande stiar og løyper, jamfør punkt 1.2. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til merking og rydding av nye stiar og løyper, jamfør punkt 1.3.



Sekretariatet vurderer at deler av dei planlagde utbetringane på Oldeskartien ikkje vil kunne definerast som normalt vedlikehald av løypene, då det er trong for tilførsle av stein til stien og det krevst nye fysiske inngrep i terrenget. Saka må difor handsamast etter naturmangfoldlova sin § 48.

Motorferdsel, inkludert lågtflyging og landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta punkt IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, andre strekpunkt) for at det kan gjevast dispensasjon for motorferdsel i samband med transport av materialar til klopper m.m.

Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknader om dispensasjon for motorferdsle:

«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffen vedtak i saker som gjeld løyver etter dei spesifiserte dispensasjonsføreseggnene i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadane er tilnærma uendra.
- b) Der det føreligg ein etablert forvalningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarende saker
- c) Forvaltningsplanen, når den er ferdig revidert, gjev eintydige føringar for utfallet.

Vurdering

Den gamle ferdslivegen over Oldeskaret er eit viktig kulturminne som nasjonalparkstyret har brukt mykje ressursar på å restaurere i samarbeid med grunneigar. Etter restaureringa vart gjennomført i 2014-2015 utarbeidde NINA ei sårbarheitsvurdering for ferdsel på delar av stien. I denne er det peika på eit sårbart område, punkt 1 i denne saka, der det er trong for utbetringar for å hindre erosjon.

I eit parti ovanfor Gløvre, punkt 2 i denne saka, vart stien forsøkt lagt om som ein del av restaureringa i 2014-2015, men turgårar fjerna greinene som var lagt over den gamle stien, slik at den nye traseen ikkje vart brukt. På dette punktet er det trong for omlegging av stien. Det er og trong for litt steinsetting i dette partiet ovanfor Gløvre.

Vedlikehald av trappa ovanfor Stighilljaren, punkt 3 i denne saka, skal gjerast med stein må frå staden og reknast som vedlikehald av eksisterande sti.

Jamfør nml si § 48 kan forvaltningsmyndet gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig (...) Sekretariatet vurderer disse tiltaka til å ikkje stri mot verneføremålet eller å påverke verneverdiane. Disse rutene er historiske og er viktige for verneføremålet om å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv. Rutene er også gamle kulturminne som vitnar om tidlegare tider sin ferdsle.



Inngrepa er minimale samanlikna med nytten som tiltaka vil medføre. Arbeidet er heile tida under kyndig leiing av erfarte stiarbeidarar og SNO.

Motorferdsle for frakt av stein til utbetring av stiar er ikkje nemnt i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, andre strekpunkt). Det er mogeleg at frakt av stein kan kome inn under «...motorferdsel i samband med transport av materialar til klopper m.m.» Vi har likevel valt å vurdere frakt av stein som dispensasjon etter § 48 i nml.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ligge til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Når det gjeld krav til kunnskap om naturmangfaldet i naturmangfaldlova § 8, har forvaltninga god oversikt over dagens bruk av områda. Det er ikkje noko i naturbase som tyder på at det biologiske mangfaldet vil kunne ta skade av dei fysiske tiltaka i stien eller helikopterfrakt av stein.

Prinsippet i § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er viktig for det totale trykket Oldeskartien medfører i området. Forvaltninga kan ikkje sjå at utbetring av stien eller helikoptertrafikken vil føre til negative konsekvensar for enkeltarter eller økosystem. Det vil ha positive konsekvensar for friluftslivet i nasjonalparken, og både turlag og naturbaserte aktivitetsverksemder kan nyte den og fortelje om historiske ruter i verneområdet.

Ut i frå saka sin karakter vurderer sekretariatet at kunnskapsgrunnlaget er godt i denne saka, slik at føre-var-prinsippet i nml § 9 får mindre vekt. Det er trong for å frakte meir stein opp til to punkt i stien for å utbetre sårbare sti parsellar. Det er for tungt å bere og vi vurderer helikopter som den beste metoden for å få dette frakta opp med (nml § 12). Naturmangfaldlova si § 11 vurderer vi som ikkje relevant for saka.

